



Saksbehandlar: Åge Avedal, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/12205-1

Årsmelding 2019 - fylkesrådet for eldre

Framlegg til vedtak:

1. Årsmelding for fylkesrådet for eldre 2019 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med innspel som kom fram under handsaminga i møte 12. november 2019.
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen.
4. Fylkesrådet ber administrasjonen om å distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale eldreråd.

Vedlegg:

Årsmelding 2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Årsmeldinga skal gje ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Rådet kan også på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som gjeld levekår for eldre.

I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. vart fylgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Henrik Oppen (Ap)

Varamedlem: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

Medlem: Anna Sofia Skaar (Pensjonistforbundet)

Varamedlem: Kolbjørn Kastet (Pensjonistforbundet)

Medlem: Harald Ekroll (Postpensionistane)

Varamedlem: Arne Rognaldsen (Postpensionistane)

Medlem: Kristoffer Skjolden (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Varamedlem: Astrid Martinsen (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Medlem: Aud Karin Netland (Utdanningsforbundet)

Varamedlem: Per-Atle Holmøyik (Utdanningsforbundet)

Fylkesrådet for eldre konstituerte seg sjølve i møte 2. februar 2016:

Harald Ekroll - leiar
Anna Sofia Skaar - nestleiar

2. Konklusjon

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke i kjem fram i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte 12. november 2019, og sekretariatet redigerer i etterkant meldinga og ferdigstiller den i samsvar med dei innspela som kjem fram i møte.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane blir avvikla 31.12.2019, i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget i Vestland fylkeskommune gjorde val av medlemer i fylkesrådet for eldre i Vestland fylkeskommune ved konstituerande møte 15.-16. oktober 2019. Årsmeldinga for 2019 er derfor skriven og avslutta før året er omme, då det nye fylkesrådet vil ta over funksjonane og rolla til fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane.